

Sprek 75 åring på Rallarvegen.

24.08.2016



Haugastøl før start.

75 år unge Henrik Lyse hadde ein sprek ferietur sist veke. 16./17. august var han på sykkeltur på Rallarvegen. Med i turfølget var også ein litt yngre sprek uskedeling, Vidar Haugland, og to kameratar frå Oslo. Eg trur dei var blant dei som hadde finaste sommaropplevinga på populære Rallarvegen i år. Veret var nemleg heilt topp!



Ved Finsehytta.

Kvartetten køyrde fram til Haugastøl mandag. Derfrå sykla dei Rallarvegen til Flåm over Finse. Starten var på 1000 moh medan dei på det høgste var oppe på 1343 moh på Fagernut. Turen enda ved havflata. Første dagen sykla dei frå Haugastøl til Finse, 28 km med ei stigning på 222m. På Finsehytta overnatta dei etter å ha nytt den flottaste sommarkvelden på Finse denne sommaren. 1222 moh var det heile 17 grader kl.21 om kvelden. Dagen etter sykla dei vidare frå Finse til Flåm.

- Det var to nydelege dagar på sykkelsetet, fortel Henrik Lyse som vi hermed utropar til kaptein i kvartetten, før han legg til.
- Den bratte nedkøringa frå Vatnahalsen var heilt ubeskriveleg vakker.

75-åringen fortel at opptakten til turen var at Vidar spurde om han ville vera med, og han syntes turen gjekk veldig greitt. Forma var fin. Han seier at han sykklar mykje for å halda seg i trim, og dermed var han godt førebudd.

- Det eg var litt spent på, var om kneet ville halda. Eg hadde nemleg ein meniskoperasjon 6 veker før, men det gjekk heilt fint, fortel den spreke 75-åringen som er svært glad for at han vart med på den 8 mil lange naturopplevinga.

Frå Flåm tok dei så Flåmsbanen til Finse før dei tok Bergensbanen vidare til Haugastøl. Derfrå bar det vidare i bil til hytta til den eine i turfølgjet i Numedal.

- Der hadde vi ein flott onsdagskveld og kosa oss mellom anna med hjortekjøtt som Vidar hadde bragt med frå Uskedalen. Torsdagen reiste vi heim til Uskedalen att etter nokre dagar med fantastiske opplevingar, avsluttar Henrik Lyse framleis like sprek.



Vakker natur.



Klar for start frå Finsehytta



Turkameratar



Toget Café i Flåm. Sjølvsagt marknadsfører Henrik heimbygda og Festidalen!



Vakker foss ved Flåmsbanen

Tekst og nett: Thor inge Døssland
Foto: Henrik Lyse